



Ip Prosjekter AS  
Søndre Skogveien 22L  
5055 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1075 - 18/16091

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
22.05.2018

## Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 182/8 Gausereide

Tiltak: minireinseanlegg  
Byggjestad: Gbnr: 182/8 Vassbygdvegen 198  
Tiltakshavar: Stig Solberg  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.04.2018.

Vi viser til dialog i sak 17/3670 rettleiing i høve alternativ for utslepp på eigedommen.

Etablering av minireinseanlegg på eigedomen krev at det vert søkt om endra utsleppsløype, vi kan ikkje sjå at dette er søkt om.

Søknaden inneheld ikkje tilstrekkeleg opplysningar om kva reinseanlegg som skal etablerast.

Av innsendt materiell er det levert inn ein situasjonsplan som viser avstand til vann.

For at kommunen skal kunne ta stilling til søknaden må det sendast inn oppdatert situasjonsplan som syner faktisk plassering av minireinseanlegg, etterpolering og UV-anlegg samt kum for prøvetaking jf. vårt brev datert 09.01.18.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om endra utsleppsløype jf. vårt brev datert 09.01.18. Søknad leverast elektronisk . De finn rettleiing for innlevering av søknad om endra utslepp samt kva vedlegg som må leverast inn på vår heimeside: <https://www.lindas.kommune.no/privat-avloepsanlegg-og-utsleppsloeyve.429633.nn.html>  
[Trykk her for å opne det digitale søknadsskjemaet vårt.](#)
2. Du må vise heile plasseringa av avløpsanlegget med tilhøyrande leidningstrase på eit kart.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.06.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Ip Prosjekter AS	Søndre Skogveien 22L	5055	BERGEN
Stig Solberg	Vassbygdvegen 198	5912	SEIM
Stig Solberg	Vassbygdvegen 198	5912	SEIM

### **Mottakarar:**

Ip Prosjekter AS	Søndre Skogveien 22L	5055	BERGEN
------------------	----------------------	------	--------